


BOKN BYGDEBLAD

Nr. 4 - april 1987 årg. 2

BYGNING I FOKUS: GAMLE KYRKJEBYGD SKULE



Kulturstyret skal laga ei utgreiing om Kyrkjebygd skule kan nyttast som samfunnsnhus.

HEILDAGSBARNEHAGE FRÅ 1. AUGUST -87

Bokn kommunestyre vedtok mot 2 røyster i siste møte å utvida Bokn barnehage til heildagsbarnehage frå 1.august 1987.

Det skal på grunnlag av dette tilsetjast assistent i full stilling, og ei assistentstilling skal utvidast frå 20 timar til 37,5 timar i veka.

Åpningstida blir venteleg frå kl. 7.30 - 15.45 fem dagar pr.veke.Barnehagen skal vera åpen 11 mnd.i året.

Bedehuset flyttar om tre år.

Bokn kommunestyre vedtok i siste møte å overdra Austre Bokn skulehus vederlagsfritt til bedehusføremål.

Kommunestyret godkjente også eit framlagt forslag til statutter for bedehuset som grunnlag for overdraginga.Statutten skal tinglysast som servitutt på eigedomen.

Statuttene er så romslege at dei vil kunna gje rom for mange aktivitetar i bedehuset.

framhald side 2

bedehuset flyttar...framh.

Det er representantar frå alle dei kristelege organisasjonane i Bokn som har gått saman om å overta Austre Bokn skulehus.

Det nye bedehuset blir felles for alle innbyggjarane i Bokn, og vil bli kalla Bokn bedehus.

Huset skal også kunna leigast ut til privatpersonar, gode sosiale føremål, politiske, almennyttige og næringsorganisasjonar.

Dei lokala som nå blir nytta til bedehus i Kyrkjebygd skule, skal nyttast til andre føremål frå det tidspunkt bru over til Austre Bokn står ferdig.

Kulturstyret skal laga ei utgreiing om Kyrkjebygd skule kan nyttast som samfunnshus.

Mange vil ha arbeid i kommunen

Det er til saman 21 søkjarar til dei 9 stillingane som er utlyste ved sjukestova.
Tilsetjing skjer ventelig i mai.

Skulen får fleire rom

Når kombibygget kjem i bruk, blir det ledige lokaler ved Bokn skule.

Kommunestyret har vedtatt at bruk- en av dei frigjorte lokala blir slik:

Noverande bruk

Folkebibliotek
Bibliotekkontor (magasin)
Audiovisuelt utstyr (fjernlager)
Tannlækjar
Venterom
Helsesøster
Lækjar
Elevrådsrom
Tekstilforming
Kommunearkiv

Framlegg til funksjon

Tekstilforming
Språklaboratorium
Skulekorps/sceneutstyr
Øvingsrom/grupperom
Fjernlager
Musikkleiar/fagrettl.sp.
Arbeidsrom for lærarane
Konferanserom/elevråd
Klasserom
Lager

Har du eit godt forslag til namn?



Tida for ferdigstilling av Kombi- bygget nærmar seg. Men det må ha eit skikkeleg namn.

Har du forslag?

Send det inn til formannskapskon- toret innan 1.juni.

Dersom forslaget ditt blir det fram- tidige namnet, får du ein premie.

KONFIRMANTAR I BOKN 10. MAI

Det er i år 12 konfirmantar i Bokn,
5 gutar og 7 jenter.

Trond Kjetil Lindanger
Kjell Olav Skjelde
Gunnar Henning Solberg
Leif Arild Sæbø
Oddvar Øvrebø
Inger Grethe Alvestad
June Susanne Grønnestad
Rut Ingunn Grønnestad
Laila Holberg
Karete Larsen
Ann Jeanette Sunde
Kristine Vatnaland

SOMMERJOBB

Teknisk etat søker etter 2 sommer-
vikarer for utføring av diverse
forefallent arbeid.
Søkerene bør fortrinnsvis være
fylt 18 år.

Interesserte bes henvende seg til
kommuneingeniøren innen den 20.
mai.

GEVINSTAR TIL BOKN

To i Bokn har vunne i Norske
Kvinneres Sanitetsforening's
Landslotteri.

Vinnarnr. er : 179254 og 179361

Gevinstane er: 1 elektrisk kniv/
saksslipar og 6
dessertskeier og 6
dessertgaffler i
sølv.

BOKNAFESTIVALEN, 28. mai

er meint å vera ei storstilt mønstr-
ing av sang- og musikklivet i Bokn.
Utanom eigne krefter vil Kopervik
Musikkorps delta.

Arrangementet tek til kl.10.20 då me
tek imot gjestekorpset med musikk på
kaien. Frå kaien blir det oppmarsj
til skulen der det eine musikalske
innslaget vil avløysa det andre fram
til klokka nærmar seg 15.30. Midt på
dagen blir det ei skikkeleg matpause
med høve til å få kjøpt seg eit mål-
tid mat.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag
den 13. mai. Påmelding
til sosialkontoret som
vanleg, tlf. 74 85 32.

PLANTEBYTEDAG

Bokn hagelag arrangerer plante-
bytedag fredag 22.mai kl.15.30 -
19.00. Trond Tveit kjem med plante-
bil. Han har sendt plantekatalog til
medlemene. Han gjev 10% rabatt ved
bestilling gjennom Hagelaget. Be-
stillinga må leverast til Sigrunn
Hole Hosaas innan 17.mai. Plantane
vert leverte på skulen plantebyte-
dagen. Vi er også interesserte i st-
auder og andre planter til bytedag-
en. Margrethe og Augustin Jøsang
leverer sommerplanter for sal.
Det vert også sal av vafler og
kaffi.

Utlodning. Gevinstane denne dagen er
planter.

Velkommen til ein hyggeleg hagedag.

NY HELSE- OG SOSIALPLAN FOR BOKN

Det er nå utarbeidd ny helse- og sosialplan for Bokn.

Det er helse- og sosialstyret som har vore planutval, men med eit mindre arbeidsutval som har vore:

Helga Alvestad - formann
Ingolf Kro
Svein Ivar Langhelle

Rådmann Jan Erik Nygaard har tatt del i planarbeidet, og helse- og sosialleiar Reidar Alvestad har vore sekretær.

Viktige moment i planen er:

- Ein vil freiste å få til helsekontroll for alle innbyggjarane.
 - Oppretting av fysioterapi- og ergoterapi-teneste.
 - Samordning av pleie og omsorg ved sjukeheimsoppstart, slik at ein får ei samla teneste som blir drive med sjukestova som base.
 - Bygging av såkalla trygdebustader for eldre- og satsing på utbetring av eksisterande bustader for dei eldre.
 - Hjelpe-/service tenester for hjelpe-trengande, t.d. ambulerande vaktmeister.
 - Trygghetsalarm for heimebuande/hjelpetrengande med alarmsentral i sjukestova.
 - Rehabilitering - som både går på det fysisk/medisinske og det psykisk/sosiale.
- Heimehjelp utanom ordinær arbeidstid når det er behov.

Planen skal nå ut til høyring i ulike instansar, og ein vil prøva å få han vedtatt av kommunestyret før utgangen av juni.

BOKN MEK. KJØPER TOMT VED KNARHOLMEN

Bokn formannskap gjorde i møte den 17.03.87 vedtak om å selja ei 3 mål stor industritomt til Bokn Mek. Verksted ved Harald Nygård.

Tomta ligg i industriområdet ved Knarholmen, og prisen er kr. 20,- pr. kvadratmeter.

JORDFRESAR TIL LEIGE

Bokn hagelag har kjøpt jordfresar til bruk for medlemmene. Jordfresaren står hjå Per Nesvik og kan hentast og leverast der. Leigaren må syta for at fresaren vert levert tilbake i same stand som då han vart henta.

Hagelagsmedlemmene betaler kr. 30,- pr. dag. Ikkje-medlemmer kr. 100,- pr. dag. Per Nesvik har også kompostkvern til utlån for medlemmene.

KOMMUNEN VIL IKKJE SELJA TOMT TIL BÅTPASS I LEIRGROV

Bokn kommune vil ikkje selja tomter til båtplass/naust på den kommunale eigedommen i Leirgrov.

Årsaka til dette er at kommunen sine planar for dette arealet ikkje er avklara. Rådmannen meiner at desse areala bør nyttast til fellesføremål for innbyggjarane i kommunen, og derfor ikkje bør seljast til enkeltpersonar.

Det var ein av oppsitjarane i byggegjefeltet i Føresvik som hadde søkt kommunen om å få kjøpa tomt til båtplass/naust i Leirgrov.

FYLKESMUSIKERNE

Torsdag 19.mars kl.20.00 hadde vi besøk av Toril Søfteland Sæbø(sopran), Arild Halvorsen (obo), Dagmar Halvorsen (cello) og Terje Mathisen (klaver). Denne gang var det musikk av Haydn, Bohuslav og Grieg som fylte musikkrommet på Bokn skole i 1,5 timer.

Hele programmet ble profesjonelt utført av de dyktige musikerne. Stor presisjon og sikkerhet resulterte til tider i nydelig musisering. Spesielt falt Bohuslav "Variasjoner over et slovakisk tema" godt i smak. Dette stykket er for cello og klaver, og det flotte samspillet mellom Dagmar Halvorsen og Terje Mathisen gjorde dette til kveldens høydepunkt.

Etter en liten pause avsluttet fylkesmusikerne med den relativ tunge "Haugtussa" av Edvard Grieg - etter tekst av Arne Garborg. Selv om Toril S.Sæbø musiserte fint med flotte dynamiske vandringer som passet til teksten var dette et uheldig valg, og de fleste satt og gjespet seg gjennom den siste halvtimen. Musikerne kunne med stor fordel ha byttet om på programmet slik at konserten hadde sluttet med den muntre 3.satsen i Haydns Trio XXXI i G-dur. De innrømmet også etter konserten at programmet kunne legges bedre opp.

Fylkesmusikerne har fått mye kritikk rundt om i fylket for ikke å spille "publikumsvennlig - musikk", og de må nok forandre på repertoaret hvis de vil ha publikum. Tross alt fikk de 18 (9 voksne og 9 barn) som hadde møtt fram på skolen den kvelden en god og spennende opplevelse.

Musikalsk hilsen Jardar Havikbotn

TILDELING AV BUSTADTOMT

Bokn formannskap tildelte i møte den 17.03.87 tomt nr. 17 i bustadfeltet i Alvestadkroken til Geir Magne Knutsen .

Dette er den siste ledige tomte på øvre sida av vegen i dette feltet. Det er få ledige tomter på nedsida av vegen i dette bustadfeltet.

BOKN-BRU PROSJEKTET

I høve til utgangspunktet kor det var sagt at starten med Bokn-bru prosjektet skulle skje med Bokn-sund bru, er det nå visse endringer i dette opplegget. Ved vegkontoret har bygdabladet fått opplyst at det i desse dagar er anbudsåpning for dei arbeida som nå skal starta på Susort i mai/juni. Arbeidet vil då halde fram mot Ognøy, og vil dermed også starta opp der i år.

På Are foregår det nå utsprenging av store steinblokker for å "plastrer" moloen. Steinen blir tatt i det området som skal bli biloppstillingsplass for ferjeleiet.

Den godkjente planen for Bokn-bru prosjektet går ut på ferdigstilling av heile prosjektet i juni 1991. Det blir nå arbeidd med eit opplegg for ein finansieringsplan som kan framskynda prosjektet, og få det ferdigstilt 01.06.1990.

BEMANNINGSPLAN FOR SJUKESTOVA

Bokn kommunestyre vedtok i siste møte bemanningsplan for sjukestova og åpen omsorg.

Utanom fysioterapeut og tilsynslege blir det tilsett ni personar ved sjukestova og i åpen omsorg. Åtte av desse er halve stillingar. Heile seks personar som frå før er tilsette som sjukepleiar/heimhjelp/husmorvikar får omgjort stillingane sine ved oppstart av sjukestova.

PRESENTASJON AV LAG OG FORENINGAR I BOKN

I DAG: "SJØFUGELN" OG

KVINNEFORENINGEN FOR INDRE
OG YTRE SJØMANNSMISJONEN PÅ
AUSTRE BOKN og til slutt
EGGAFORENINGEN

"Sjøfugelen"

Kvinneforeningen for den indre sjømannsmisjonen i Kyrkjebygda tok til i 1936. Møtene vart dei fyrste åra haldne på Ungdomshuset. Det var 6 damer og 2 menn som starta foreningen. Olga Bokneberg var fyrste leiaren. Etter to-tri år vart Mally Håland leiari, og var det like til 1973, då tok Ingrid Håland over, så leiarijobben har gått i arv i denne foreningen og. Basaren har vore halden om hausten kvart einaste år, og då får foreningen besøk av ein av talarane frå kretsen. På dei vanlege foreningsmøtene som nå etter tur er heime hjå medlemene går det på handarbeid til basaren, song, bibellesing og lesing av andre gode bøker og blad. Også ein god "Kaffiskvett med någe attåt". Basarinntekta har stege år for år frå dei fyrste åra som låg på 5 - 600 kroner og den siste basaren som vart halden som gav 8.700,- kr. 8 medlemmer har foreningen nå, og er 51 år.

Kvinneforeningen på Austre Bokn

Kvinneforeningen på Austre Bokn som arbeider for den indre og den ytre sjømannsmisjonen tok til i 1925 og har vore i arbeid uavbrudt i alle år. Møtene har vore i bedehuset, men dei siste åra har møtene vore haldne i heimane hjå medlemene, og då har ein det som i dei andre misjonsforeningane: Andakt, song og handarbeid. Om våren er basaren, og då kjem alle "Mann av huse" og er med og støttar arbeidet. Ein frå kretsen held andakt, og det er kaffi og god mat å få kjøpt i "Kjedlaren". Og innimellom så tek ein nummer. Dei fyrste åra var basarinntekta 2 - 300 kroner. Den siste basaren som var nå i vår kom det inn over kr. 9.000,-. Foreningen har 6 -7 medlemmer.

"Eggaforeningen"

Det har vore skriva i Bokn Bygdeblad om mange misjonsforeningar nå, og det er utruleg at desse kvinnene har halde ut generasjon etter generasjon, og framleis er dei i fullt arbeid. Eg har hug til å minna om ein forening frå min barndom på Austre Bokn. Den foreningen er slutt for lenge sidan. Det var "Eggaforeningen". Som liten jentunge gjekk eg og samla inn egg. Eg kan ikkje hugsa kor mange gonger ein gjekk og samla inn, men det tok til om våren når hønsa tok til å verpa. Ei gamal kone styrde med dette og der fekk eg ei korg og ein lapp kven eg skulle gå til. Frå 4 til 8 egg fekk eg.

framhald side

"Eggatforeningen", framhald frá side

Så var det á gá til krambua með egga, og der fékk eg lapp með vekt og pengesum páskríve. Sá var det á gá tilbake með pengane og korga. Av den gamle kona fékk eg 10 øre for jobben. At eg tok ímot 10 øre líka íkkje ho mor. Ho sa: "Me tek íkkje betaling nær me gjer noko for msjonen." Kva tid denne foreningin tok til og kva tid han slutta veit eg íkkje. Pengane trur eg gjekk til ytre Sjømannsmisjonen.

Helsing Málfrid

KAPPROING 17. MAI

KOM PÁ 17. MAI

FEIRING!

17. mai komiteen har vedteke at ein også í ár skal prøve á fá til kapping 17. mai.

SAMLINGSSTAD VERT F Ø R E S V I K

Deltakargrupper:

- Jenter	under	16 år
- Jenter	over	16 år
- Gutar	under	16 år
- Gutar	over	16 år

Intereserte má melda seg til Ingolf Kro telefon 748471 eller 748328 eller Hans Faye telefon 748543 innan 14. mai 1987.

17. mai komiteen

NY PLAN FOR VASSFORSYNING

Bokn skal fá utarbeidd ein ny plan for vassforsyning. Formannskapet har gitt firmaet Asplan A/S í oppdrag á utarbeida ein slik plan.

Et styringsgruppe kor ordførar, rådmann og kommuningeniør er medlem, skal vera kommunen sitt koordineringsorgan for prosjektet.

Helsing Málfrid

Så var det á gá til krambua með egga, og der fékk eg lapp með vekt og pengesum páskríve. Sá var det á gá tilbake með pengane og korga. Av den gamle kona fékk eg 10 øre for jobben. At eg tok ímot 10 øre líka íkkje ho mor. Ho sa: "Me tek íkkje betaling nær me gjer noko for msjonen." Kva tid denne foreningin tok til og kva tid han slutta veit eg íkkje. Pengane trur eg gjekk til ytre Sjømannsmisjonen.

Helsing Málfrid

KAPPROING 17. MAI

KOM PÁ 17. MAI

FEIRING!

17. mai komiteen har vedteke at ein også í ár skal prøve á fá til kapping 17. mai.

SAMLINGSSTAD VERT F Ø R E S V I K

Deltakargrupper:

- Jenter	under	16 år
- Jenter	over	16 år
- Gutar	under	16 år
- Gutar	over	16 år

Intereserte má melda seg til Ingolf Kro telefon 748471 eller 748328 eller Hans Faye telefon 748543 innan 14. mai 1987.

17. mai komiteen

NY PLAN FOR VASSFORSYNING

Bokn skal fá utarbeidd ein ny plan for vassforsyning. Formannskapet har gitt firmaet Asplan A/S í oppdrag á utarbeida ein slik plan.

Et styringsgruppe kor ordførar, rådmann og kommuningeniør er medlem, skal vera kommunen sitt koordineringsorgan for prosjektet.

FYSIOTERAPIROM

Kommunestyret har vedtatt at det blir avsett eit rom ved sida av sjukestova til fysioterapirom.

Hovedkomiteen er:
Per Alvestad (formann) Sverre Øvrebo
Finn Kro (nestformann) Hans Faye (sekr.)
Jakob Are Ingolf Kro (sekr.)

Program blir utsendt seinare.

fra Rapido.

Om kvelden er festalaren Berge Furre, og det nye Blandakoret skal í aksjon. Også mykje anna godt program vil bli vist utover kvelden, som blir avslutta med dans til tonane fra Rapido.

I staden for salutt kl. 07.00 vil Bokn Brass sørja for morgnumstikk. Eiles blir det folketog, kapping, og tradisjonell program utover dag-

en. 17. mai komiteen har alt klappa og klart til den store dagen. Det blir tradisjonell feiring, men vissse forandringar fra tidlegare ar.

Fre. 1.mai	Gunn Grønnestad har vakt frå tor.30.april kl.16 til mandag 4.mai kl.08 heila døgnet	
Lør. 2		
Søn. 3		
Man. 4	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Tir. 5		
Ons. 6		
Tor. 7		
Fre. 8		
Lør. 9	Marie Faye har vakt heile helga.	
Søn. 10		
Man. 11		
Tir. 12	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08.
Ons. 13		
Tor. 14		
Fre. 15	Else Nilssen har vakt frå fre.15/5 kl.08 til man.18/5 kl.16 heila døgnet.	
Lør. 16		
Søn. 17		
Man. 18		
Tir. 19	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Ons. 20		
Tor. 21		
Fre. 22	Fredag frå kl.08-16 har Else Nilssen vakt. Frå fred.kl.16 til man.25/5 kl.08 har Gunn Gr.stad vakt, heile døgnet.	
Lør. 23		
Søn. 24		
Man. 25	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08.
Tir. 26		
Ons. 27		
Tor. 28.	Gunn Gr.stad har vakt heile døgnet.	
Fre. 29	Else Nilssen har vakt fre.29/5 frå kl.08-16. Frå 29/5 kl.16 til 1.juni kl.08 har Gunn Gr.stad vakt heile døgnet	
Lør. 30		
Søn. 31		

MERK:

På tirsdagane på dagtid utfører heimesjukepleien berre faste pleieoppdrag. Andre som treng hjelp denne dagen kontaktar legekontoret tlf. 74 84 65.

LEGE

Dr.Aune er desse tirsdagane på kontoret i mai: 5,12,19 og 21.

P.g.a. sjukdom kjem det ikkje lege fredagar inn-til vidare.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag 13.mai

Påmelding til sosialkontoret som vanleg.

TELEFONAR.

ELSE NILSSEN	74 83 38
GUNN GR:STAD	74 85 93
MARIE FAYE	74 84 55
LEGEKONTORET	74 84 65

PLUKK FRA IDRETTSLAGET

Fotballserien har nå begynt og idrettslaget håper at flest mulig møter frem og heier på våre gutter.

Småguttelaget har følgende spilleplan:

DAG	DATO	TID	HJEMMELAG	BORTELAG	BANE
TIR	28/04	17.00	Bokn	Ferkingstad	Føresvik Stadion
MAN	04/05	17.00	Skudenes 2	Bokn	Skudenes 1
TIR	12/05	17.00	Bokn	Kopervik 3	Føresvik Stadion
TIR	19/05	17.00	Vard 3	Bokn	Gymnasbane 3
MAN	25/05	17.00	Bokn	Avaldsnes 2	Føresvik Stadion
TIR	09/06	17.00	Nord	Bokn	Hestmyr
TIR	16/06	17.00	Ferkingstad	Bokn	Ferkingstad 1
MAN	17/08	17.00	Bokn	Skudenes 2	Føresvik Stadion
ONS	26/08	17.00	Kopervik 3	Bokn	Åsebøen 2
TIR	01/09	17.00	Bokn	Vard 3	Føresvik Stadion
MAN	07/09	17.00	Avaldsnes 2	Bokn	Bøbanen
TIR	22/09	17.00	Bokn	Nord	Føresvik Stadion

Seniorlaget, som deltar i 9.divisjon, har følgende spilleplan:

LØR	09/05	13.30	Frøyer	Bokn	Iglemyr 2
LØR	16/05	17.45	Bokn	Kongsgårdbakk	Føresvik Stadion
SØN	24/05	13.30	SDIF	Bokn	Hetlandshallen
SØN	31/05	13.30	Bokn	Nedstrand	Føresvik Stadion
LØR	06/06	16.00	Kark	Bokn	Kvalaberg
SØN	14/06	12.00	Bokn	Forus og Gaus	Føresvik Stadion
SØN	21/06	13.30	Bokn	Årdal	Føresvik Stadion
LØR	27/06	13.30	Ørnen	Bokn	Kvalaberg
SØN	16/08	12.00	Bokn	Frøyer	Føresvik Stadion
SØN	23/08	13.30	Kongsgårdbakk	Bokn	Hetlandshallen
SØN	30/08	12.00	Bokn	SDIF	Føresvik Stadion
SØN	06/09	13.00	Nedstrand	Bokn	Nedstrand
SØN	13/09	12.00	Bokn	Kark	Føresvik Stadion
SØN	20/09	13.00	Forus og Gaus	Bokn	Knudamyra
SØN	27/09	14.00	Årdal	Bokn	Årdal
SØN	04/10	12.00	Bokn	Ørnen	Føresvik Stadion

Idrettslaget gjør ellers oppmerksom på at det blir arrangert klubbmesterskap i friidrett søndag den 24.mai kl.13.00 på Bokn skule.


Mesterskapet er åpent for alle skoleklassene.

Det var hyggelig å se så mange deltakere på dansekurset (39). Nytt kurs vil bli arrangert den siste uken i august og da håper vi enda flere finner vegen til danselokalet. Nærmere orientering blir gitt senere.

Takk til alle som støtter laget gjennom sitt medlemskap og frivillig arbeid. Ikke minst det siste er viktig for å holde hjulene igang på en skikkelig måte.

GOD SOMMER.

« Biblioteket »



OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

TORS DAG: 10⁰⁰ - 13⁰⁰

uf. 748465

LESETIPS FOR MAI:

NYE

bøker for barn:

* Pedersen, Odd Kval:
Sør-Afrika: Siste trekk. 1986.

* Arntsen, Arthur:
Æ lyg ikkje. 1986.

* Callahan, Steven:
Overleve. 76 dager i drift
på en gummiflåte. 1986.

* Michelet, Jon:
VM i fotball 1986. 1986.


* Lorentsen, Sven:
Grevlingen som ville bli
bilmekaniker. 1986.

* Rey, Hans Augusto:
Nysjerrige Nils. 1986.

og

* Nysjerrige Nils på nye eventyr. 1986

LYKKEN
ER
EN BOK PÅ NEBBET



* Nöstlinger, Christine:
Kjære Susi- Kjære Paul.

* Lund, Reidar:
Anne-Charlotte Viktoria
jager en bankraner. 1986

* Sem, Ingebjörg Dahl:
Leve malinkene. 1986.

* Fredheim, Rolf:
Faren. 1986.

ÅRSMELDINGA TIL BOKN SOKNERÅD FOR 1986

Godkjend i soknerådet 1.april 1987.

Bokn sokneråd har hatt desse medlemene:

Formann: Solveig Ognøy, v.formann: Leiv Våga, sekretær: Solveig Våga, kasserar: Andreas Borgenvik. Leif Vatnaland møter for kommunen. Presten er alltid med på soknerådsmøtene.

Soknerådet har hatt sju møte, og handsama 52 saker.

Det er eit problem å få kyrkjetenar. Ein har prøvd å dela stillinga slik at gravinga vert gjort av kommunen sine folk. Leonora Alvestad har fungert innandørs frå Ole Borgenvik slutta. Johan Yrke har teke seg av slåinga på kyrkjegarden. Deier begge pensjonistar og ser fram til å få avløyning.

Kyrkja vår er i god stand. Toilettet skal målast til våren. Det er kjøpt inn nytt katafalkteppe.

Det minkar på gravstaden. Med normal avgang vil det gå ca. 8 - 10 år til gravstaden er full. Soknerådet har hatt kontakt med landskapsarkitekt Knut Fosså. Han tilrår ikkje å grava opp att p.g.a. ekstremt dårleg jordbotn. Fosså har kome med eit framlegg til utviding av kyrkjegarden. Soknerådet har slutta seg til dette framlegget og sent det vidare til kommunen.

Soknepresten og kateketen har laga ein del nærradioprogram. Prestegjeldet har kjøpt sendetid til programposten "Veien gjennom Bibelen". Bokn sin del av denne kostnaden er kr. 700,-. Pengane går av soknerådskassen. Andre ting me brukar pengane i soknerådskassen til er: 1-2-3 års helsing på dåpsdagane. "Mi kyrkjebok" til fireåringane. Boka "Fylt av glede", vert gjeven til dåpsforeldre. "Godt Nytt", til fjerdeklassingane. Biblar og boka til Siggen Myhre "Ekteskapet en gave og en oppgave", i gåve til brurepar.

Kyrkja har vore brukt til ein del møte utanom gudstenestene. Sunnmøre Kristelege Ungdomskor vitja oss i april. Fylkesmusikarane hadde konsert, for å markera fredsåret.

For dei eldre gjer diakoninemnda eit godt arbeid. Ca. 20 besøkjarar har kvar sine som dei går til.

3 bibelgrupper har vore, og er i gong med frå 5 - 8 deltakarar i kvar. Etter kvart som nye deltakarar melder seg, vert tilbodet utvida.

Kyrkjesøknaden er nokolunde bra. Særleg ved familiegudstenestene. Presten vår legg vinn på at alle skal skjønna kva det dreier seg om, og han nyttar ofte teikningar og illustrasjonar i preikene sine. Me har god grunn til å takka presten vår for tenestene han gjer her. Utanom dei faste tenestene er det "Boknadag" kvar 14. dag. På grunn av lang sjøreise og skyss er han her heile dagen. Han nyttar tida til konfirmantundervisning, bibeltimar, soknerådsmøte, dåpssamtalar, soknebud med nattverd og anna. I tillegg har me fleire ekstra gudstenester i året. Arbeidsdagen til presten vert ofte altfor lang p.g.a. prestemangel i prestegjeldet.

Presten hadde i haust fleire Bibeltimar. Emnet var "Bergpreika". Frammøtet var bra, ca. 20 møtte kvar gong.

Me har hatt prøveordning med kyrkjerute i 1986, og soknerådet vonar at så mange vil nytta seg av skyssen at den kan halda fram i 1987.


Samarbeidet med kommunen har vore godt. Det er fleire ting soknerådet må løysa saman med kommunen. Kyrkja har sitt eige budsjett som og vart godkjent av kommunestyret utan merknad.

Det er kome inn i offer:	kr. 45.890,-
Til soknerådskassen	" 6.130,-
Brød for verda	" 10.100,-
TV aksjonen 1986	" 36.882,-
	<hr/>
Til saman	kr. 99.002,-
	<hr/> <hr/>

I 1986 er det fødte 8 born, døypte 15, konfirmerte 16, og 2 er døde. Ein person har meldt seg ut or kyrkja.

Soknerådet vil takka alle som trufast går til kyrkje, men me ynskjer større vekst i kyrkjelyden. I gudstenesta tek Gud alle sansane våre i bruk slik at me konkret kan oppleva nåden uavhengig av våre tankar og kjensler.

For Bokn sokneråd
Solveig Ognøy



UTLYSING AV Plassar i Bokn Kommunale Barnehage

Bokn kommunale barnehage har fylgjande tilbod frå 1.august 1987:

Heildagsopphald: 5 dagar pr.veke
3 dagar pr. veke (anten måndag,onsdag og torsdag eller
tysdag,onsdag og fredag).
2 dagar pr. veke (anten måndag og torsdag eller tysdag
og fredag).
Heildagsopphald er på 8 timar og 15 min. pr. dag.

Halvdagsopphald: 2 dagar pr. veke (anten måndag og torsdag eller tysdag
og fredag).6-åringane går óg onsdager som tidlegare.
Halvdagsopphald er på 5 $\frac{1}{2}$ t pr. dag.

Hugs å spesifisera kva slag tilbod ein ynskjer i søknaden.

Satsane for foreldrebetaling vert slik:

Heildagsopphald: 5 dagar: 1.300,- pr. mnd.
3 dagar: 840,- pr. mnd.
2 dagar: 560,- pr. mnd.
Halvdagsopphald: 3 dagar: 500,- pr. mnd.
2 dagar: 335,- pr. mnd.

Syskenmoderasjonen er 25%.

Opptaksreglane vert slik i prioritert rekkefylgje:

1. Funksjonshemma born som kan ha nytte av barnehageopphald skal prioriterast.Det same gjeld born som er tilrådd plass av PP-tenesta,helsetenesta eller barnevernsnemd/sosialstyre.
2. Born som har einsleg forsyttar.
3. Born frå heimar med sjukdom,funksjonshemming eller andre sosiale grunnar.Slike grunnar treng fagleg dokumentasjon.
4. Seksåringane skal prioriterast for tilbod 3 dagar for veka som no.
5. Born frå heimar som ligg slik til at det er lite høve til leik med andre born.
6. Vidare bør ein ta omsyn til om begge foreldra er i arbeid/utdanning.
7. Dersom 2 søkjarar står likt,bør den eldste ha fyrsteretten til plassen.
8. Opptak gjeld for eit år om gongen frå august,og søkjarar kan normalt få plass frå det året dei fyller 3 år.For søkjarar under punkt 1 og 2,og for søkjarar på heildagsplass gjeld aldresgrense på fylte 1 år i kalenderåret dei byrjar.
9. For å få plass i barnehagen,lyt barnet vera busett i kommunen.Ved ledige plassar kan likevel born som ikkje er busett i kommunen få plass,med prioritet for dei som har foreldre som arbeider i Bokn kommune.
- 10.Avgjerd om opptak kan påklagast av søkjaren.Klagefrist er 3 veker frå ein får melding om opptaket.

11. Det vart halde av ein ledig plass ut august for klagesaker eller påkomne tilfelle.
12. Talet på plassar er det som loven set som maksimum, 18 plassar i alderen 3 - 6 år. (9 plassar for born under 3 år).
13. Frist for oppseiing av barnehageplass er ein månad. Etter 1 april kan ikkje plass seiast opp for ved anna enn flytting.
14. Seksåringar får plass ein dag for veka i vårhalvåret.

Barnehagen er open for born mellom 0 og 7 år. (Barnet må fylla 1 år i kalenderåret ein søker). Søknadsskjema på skulekontoret eller i barnehagen. Søknadsfrist 15. mai.

Tove Steingilda

ARRANGEMENT I MAI

- | | |
|---|--|
| Fred. 1. mai: Familiearr. kl. 15.00
Arr: Bokn AP. | Fred. 22. mai: Plantebytedag
kl. 15.30 - 19.00.
Arr: Bokn Hagelag. |
| Man. 11. mai: Åpent møte om helse-
og sosialspørsmål.
Arr: Bokn AP. | Laurd. 23. mai: Musikkskulen har elev-
konsert. |
| Søn. 17. mai: Tradisjonell feiring
med fest om kvelden. | Torsd. 28. mai:
(Kr. H.f.dag) Stor musikkmonstring
på Bokn. |
| Diskoteket: 2. mai og 30. mai. | |

1. MAI

Familiearrangement på Bokn skole kl. 15.00.

- Appell ved Tove Steingilda
 - Tale for dagen ved Liv Undheim-
sekretær i Norsk kjemisk industriarbeiderforening
 - Korpset spiller
 - Leker for barna
 - Kaffe, brus og kaker
- Voksne kr. 15,- Barn kr. 10,-

ÅPENT MØTE

11. mai kl. 19.00 på musikkrommet.
Leder for Stortingets sosialkomite,
Gunn Vigdis Olsen-Hagen innleder
om helse- og sosialspørsmål.
Beverting.

Arrangør: Bokn Arbeiderparti.

NAMN _____

ADRESSE _____

SR-Personkreditt—for friere spillerom i din private økonomi!

Med SR-Personkreditt kan du få et friere spillerom i din private økonomi.

Du får en kreditt i inntil ett år som tilpasses denne.

UTGIFTSTOPPER

Er det enkelte måneder utbetalingene er større enn inntektene?

Med SR-PERSONKREDITT slipper du å overtrekke kontoen din, gå i banken og be om et lite lån eller utsettelse på avdrag.

TRYGGHET

SR-PERSONKREDITT kan være en god reserve å ha i bakhånd, om du får uforutsatte utgifter, f.eks. på reiser.

SLÅ TIL I RETTE ØYEBLIKK

Kommer du over et riktig godt kjøp, kan du slå til med en gang, uten å gå i banken for å be om lån.

Slik virker SR-PERSONKREDITT.

Fast kredittgrense.

Du kan få en fast kreditt som gjelder for inntil 1 år om gangen. I løpet av året kan du fritt bevege deg innenfor denne grensen.

Når kreditten er utløpt kan du inngå avtale om ny kreditt, eller avvikle ordningen, eller du kan avtale at kreditten skal reduseres hver måned. (Månedlig nedtrapping.)

Hva må du betale?

For SR-PERSONKREDITT gjelder følgende betingelser.

18% rente av det du til enhver tid har brukt av kreditten.

0,5% pr. kvartal av den til enhver tid gjeldende bevilgning (kredittgrense).

2% etableringsgebyr av innvilget kreditt. (Dette gebyret er på minimum kr. 250,- og betales også ved eventuell fornyelse.)

Noe du lurer på?

Stikk innom banken, så skal vi prøve å hjelpe deg.

Med hilsen fra oss i SR-BANK

